



Før jul hadde vi eit ønskje om å få til 4 gonger med allidrett i Fjellhaugen. Med den fantastiske vinteren vi har hatt, har vi nådd dette målet.

Vi har hatt 4 flotte kveldar i Fjellhaugen. Ungdomsgjengen vi har hatt med oss har vore fulle av energi, pågangsmot og godt humør !
Det har vore ei fryd å vera i lag med dei.

Fyrstkomande ondag blir treninga inne i Aktivitetshuset kl. 19. Då er det igjen ballspel og andre aktivitetar som står på programmet. Vi vonar at også dei som ikkje har vore med i Fjellhaugen er tilbake på trening då !

Siste onsdagen før påske avsluttar vi sesongen med ein lagkonkurranse i området rundt Aktivitetshuset. Lagkonkurransen blir litt liknande den vi hadde før jul, inspirert av 71 grader nord. Vi kan lova at premien til vinnarlaget vil smaka godt !

Bileta over og under vart teke under kveldskøyringa i Fjellhaugen sist onsdag.

Cathrine og Steinar Haugland

